



Frå heidringa av den populære ungdomsleiarer Arvid Næs i går.

G-15/16-laget leverte nok ein god kamp då dei møtte Lura i 8.delsfinale no i ettermiddag. Etter ordinær tid stod det 1-1. Det vart ekstraomgangar, og desse vart mållause. Dermed måtte det avgjerast på straffespark, og der var Rosendalsgutane klart best. Dermed er dei no klare for kvartfinale i B-sluttspillet. Kvartfinalen er utsett til i morgon.

Det vart altså ein jamn kamp, og etter ein mållaus førsteomgang, lukkast det Rosendal å få hol på byllen etter ca.10 minutt spel i 2.omgang. Leiinga fekk dei halde i ca. 5 minutt, men då svarte Lura med scoring og dermed var dei like langt. Altså 1-1.

Dette vart også sluttresultatet, og dermed vart det 2x5minutt med ekstraomgangar. Då desse enda mållause, måtte det avgjerast på straffespark. Spenninga var ulideleg for både spelarar og publikum, og ikkje minst for ungdomsleiar Arvid Næs. Gutane heldt hovudet kaldt, og ordna plass i kvartfinalen. Kvartfinalen går i kveld kl.19.30, og motstandar er Hemsedal.

Kvartfinalen er utsett til i morgon pga våte banar. Tidspunkt er ikkje fastsett enno.

No kl. 16.30 kan vi høyre intervju med eldsjela Arvid Næs på NRK Hordaland. I går hadde spelarane ei markering for å visa kor stor pris dei set på innsatsen Arvid har gjort og gjer for ungdomsfotballen. Det er absolutt fortent!!

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Privat/ Rosendal Turnlag(Finn dessverre ikkje bilde av G-15/16-laget)



Erfarne Arvid Næs overlet ingenting til tilfeldighetene. No kl.16.30 vert han å høyre på NRK Hordaland.